

Ullensvang herad

Sakspapir

SAKSGANG

| Styre, utval, del. vedtaksmynde. | Møtedato | Saksnr |
|----------------------------------|----------|--------|
| Formannskapet | | |

| | | | |
|------------------------|-----------------------------|-----------------------|--------------------------|
| Saksansv .: Anne Erdal | Arkiv: N - 111.2 Objekt: | J.post id. 17/2287 | Arkivsaknr 17/263 - 1 |
|------------------------|-----------------------------|-----------------------|--------------------------|

HØYRINGSUTTALE - INNSYNS-, KLAGE OG SØKSMÅLSRETT FOR KOMMUNEN I SKATTESAKER OM VERDSETTING AV KRAFTNLEGG

Vedlegg:

| Dato | Tittel | Dok.nr |
|------------|---|--------|
| 01.03.2017 | 170216_b_fin_horingsuttalelse_innsyn_mv_verdsetting_kraftanlegg_lvk_utm | 224654 |
| 01.03.2017 | ibg_horingsnotat | 224655 |

Endeleg vedtak i: Formannskapet

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Lov om skatteforvaltning
Eigedomsskattelova

Saksutgreiing:

Ullensvang herad har eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav a, faste eigedomar i heile kommunen. Eigedomsskatten omfattar kraftanlegg og er viktig for heradet.

Finansdepartementet har sendt ut på høyring framlegg til reglar for innsyns- og klagerett for kommunar i skattesaker om verdsetjing av kraftanlegg.

Høyringsnotat frå Finansdepartementet ligg som vedlegg til saka. Det er heradet som skriv ut eigedomsskatt på kraftanlegg etter verdsetjing foreteke av skattemyndigheitene. Det er difor viktig at kommunane får ei formell innsyns- og klagerett slik at me kan kontrollere og sørgja for at grunnlaget er korrekt. Det følgjer av eigedomsskattelova § 23 første ledd at heradet er part i saker om eigedomsskatt. Skatteytar kan med andre ord halda heradet rettslig ansvarleg for uriktige vedtak om verdsetjing, sjølv om det er skattemyndigheitene som har gjort vedtaket.

Økonomiske konsekvensar:

Innsynsrett gjer det mogeleg å kontrollere at verdet på kraftverk er korrekt fastsett i høve eigedomsskatt. Det er døme på kommunar som har gått glipp av store inntekter av di verdet ikkje er korrekt satt.

Administrative konsekvensar:

Heradet får nye rettar

Miljømessige konsekvensar:

Ingen

Vurdering:

Ullensvang herad er nøgd med at det nå vert fremma reglar som ivaretek vertskommunane sine behov for innsyns- og klagerett.

Ullensvang herad er einig i dei merknadane til høyringa som Landssamanslutninga av vasskraftkommunar har. Dette inneber mellom anna at:

- Innsynsretten må og gjelda opplysningar om grunnrenteskatten og naturressursskatten
- Klageretten må og gjelda fastsetjing av grunnrenteinntekt og naturressursskatt
- Klagefristen må utvidast frå tre månadar til seks månadar
- I klagesaker må og kommunen varslast og ha rett til å uttala seg
- Kommunen må varslast ved søksmål frå den skattepliktige

Rådmannen sitt framlegg:

Ullensvang herad sluttar seg til høyringsuttale frå Landssamanslutninga av vasskraftkommunar som gjeld innsyns-, klage- og søksmålrett for kommunen i skattesaker om verdsetjing av kraftanlegg.